



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv

---

Til  
Departementa og Statsministerens kontor

Rundskriv R-6/2002

Dykkar ref

Vår ref  
2002/2465 C TT/ISa

Dato  
14.06.2002

### TILLEGG TIL HOVUDBUDSJETTSKRIV FOR 2003

#### RETNINGSLINJER FOR ARBEIDET MED FORSLAG TIL RAMMEFORDELING, FAGPROPOSISJON OG GUL BOK

Hovudbudsjettskrivet for 2003 - Rundskriv R-4/2002 (datert 22.3.2002) - inneheld generelle retningslinjer for arbeidet med forslaget til budsjett for 2003. I dette rundskrivet gir Finansdepartementet rettleiing for det vidare arbeidet for statsbudsjettet 2003.

<u>Budsjettskrivet har dette innhaldet:</u>	<u>Side</u>
1 Aktuell budsjettkalender	2
2 Arbeidet med forslaga til rammejusteringar	2
3 Gul bok 2003	6
4 Fagproposisjonane 2003	8
5 Budsjettforslag som har verknad for kommunar og fylkeskommunar	13
6 Overslag over behov for tilleggsløyvingar 2. halvår for 2002-budsjettet	13

## **1 BUDSJETTKALENDER FOR 2003-BUDSJETTET**

26. juli: Forslag til rammefordeling og utkast til "romartalsvedtak" skal sendast til Finansdepartementet
16. august Overslag over tilleggsløyvingar 2. halvår 2002
28. august: Regjeringa si endelege vurdering av budsjettforslaget med fordeling av profilpotten
2. september: Førsteutkast til fagproposisjon skal leverast til Finansdepartementet
3. september: Tekst til Gul bok skal leverast til Finansdepartementet
5. september Reservedag for behandling av statsbudsjettet i Regjeringa
13. september: Fagproposisjonane går i statsråd
20. september: Gul bok går i statsråd
3. oktober: Budsjettet blir lagt fram for Stortinget

## **2. ARBEIDET MED FORSLAGA TIL RAMMEJUSTERINGAR**

### **2.1 Eventuell justering av dei fastsette rammene**

Vi viser generelt til Hovudbudsjettskrivet, rundskriv R-4/02 pkt. 3 om retningslinjer for utarbeiding av rammefordelingsforslaget.

Under budsjettkonferansen på Halvorsbøle 10.-12. mars 2002 vedtok Regjeringa rammer for departementa. Etter planen skulle det avholdes budsjettkonferanse 29. mai (justeringskonferansen), der Regjeringa skulle behandle eventuelle justeringar av budsjetttrammene på grunnlag av ny informasjon om utviklinga under overslagsløyvingar mv. Justeringskonferansen ble som kjent avlyst. Rammene som ble tildelt på budsjettkonferansen på Halvorsbøle 10.-12. mars 2002 blir lagt til grunn ved utarbeidelsen av rammefordelingsforslaget for statsbudsjettet 2003. Eventuelle forslag til løyvingsendringar i justeringsmaterialet sendes difor inn på nytt saman med rammefordelingsforslaget.

Dei rammene Regjeringa har fastsett, er endelege. Det einaste som kan kome i tillegg, utover justeringar av utgifter og inntekter som er knytte saman med meirinntektsfullmakt (sjå pkt. 3 over), er

- eventuelle tildelingar frå profilpotten, medrekna eventuelle startløyvingar til nye bygg
- påplussing som konsekvens av lønnsregulering frå 1.5.2002 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet; Finansdepartementet vil innarbeide konsekvensane av dette i rammene for kvart departement i materialet til regjeringskonferansen i august
- eventuelle rammeoverføringar mellom departement
- eventuelle justeringsforslag.

Føresetnaden for startløyving til nye bygg er som i fjor at departementet har underteikna leigeavtale med Statsbygg for alle prosjekt som går inn under ordninga med husleigebetaling. Vidare må alle bygg som skal vurderast mot profilpotten for 2003 ha godkjent kostnadsramme.

## **2.2 Den praktiske utforminga av forslaget til rammefordeling**

Vi ber om at ein i innleinga til rammefordelingsforslaget tek inn desse tabellane:

- A Oversyn over departementet sine utgifter fordelte på programområde og programkategori med fire kolonnar:
- 1 Rekneskap 2001
  - 2 Saldert budsjett 2002
  - 3 Budsjettet si stilling for 2002 etter 1. halvår
  - 4 Departementet sitt forslag for 2003
- B Oversyn over departementet sine inntekter fordelte på programområde og programkategori med fire kolonnar:
- 1 Rekneskap 2001
  - 2 Saldert budsjett 2002
  - 3 Budsjettet si stilling for 2002 etter 1. halvår
  - 4 Departementet sitt forslag for 2003

2002-budsjettet si stilling inkluderer tilleggsloøyvingar første halvår 2002, jf. at ein i pkt. 6 ber særskilt om overslag for tilleggsloøyvingar i 2. halvår 2002. Eventuell endring i loyvinga som følgje av innsparing i drifts- og investeringutgiftene skal vera medrekna.

### **2.2.1 Talet på eksemplar**

Forslag til rammefordeling skal sendast til Finansdepartementet innan 26. juli 2002 i 20 eksemplar.

## 2.2.2 Fordeling på kapittel og post - bruk av edb-diskett

Fordeling av budsjetttramma for 2003 på kapittel, post og underpost må leggjast ved som separat vedlegg (i 20 eksemplar). Papirutskrifta må ha utførleg nemning på alle kapittel, postar og underpostar og eventuelle stikkord, slik som i forslaget til vedtak.

I tillegg til papirutskrift må tala leverast på DOS-formatert 3 1/2" diskett eller CD-R slik at dei automatisk kan leggjast inn i databasen til Finansdepartementet. På disketten eller CDen skal ein leggje inn data på følgjande format:

budsjettår, budsjettrunde, fagdepartementnr, programområdenr,  
programkategorinr, kapittelnr, postnr, underpost, beløp i 1000 kroner

Til dømes:

2003	8	16	23	10	1600	21	0	21400
2003	8	16	23	40	1632	60	0	365000
2003	8	16	24	10	1651	90	0	3261700
2003	8	16	24	20	1660	88	0	1800000
2003	8	16	24	20	1661	92	0	23790000

Som det går fram av eksempelet over, har rammefordelingsforslaget fått budsjettrunde nr 8. Denne nummereringa er innført for å gjere det sikrere å lese inn data i budsjettdatabasen til Finansavdelinga. For andre budsjettrunder der det er aktuelt å levere data på diskett eller CD, vil Finansdepartementet kvar gong angi kva for rundenummer ein skal bruke. Felta skal vere skilde med eitt tabulatorsteg, og ein må fylle ut alle felt. Alle beløp skal ein som vanleg gi opp i 1000 kroner.

Hovudregelen er at løyvingane berre skal førast opp under kvar post, ikkje på underpost, jf. at det i taleksempelen over står null i feltet for underpost. Løyvingane til forvaltningsbedriftene under post 24 Driftsresultat skal ein gi opp på underpostnummer.

Frå og med 1998-budsjettet er postane 01 og 11 slått saman til post 1. Av omsyn til behovet for informasjon til regjeringa i budsjettarbeidet vil det framleis vere naudsynt å halde utgifter til lønn og godtgjersle skilde frå utgifter til varer og tenester i det regjeringsinterne arbeidet (m.a. av omsyn til prisomrekning og utrekning av konsekvensane av lønnsoppgjær). Ved rapportering av driftsutgifter må post 1 difor delast i to undergrupper, 1 Lønn og godtgjersler og 2 Kjøp av varer og tenester. Dette betyr at Finansdepartementet, i budsjettdatabasen som blir nytta i arbeidet med statsbudsjettet, slår saman underpostane 11-19 til undergruppe 01 og underpostane 21-29 til undergruppe 02. Det står meir om dette i rundskriv R-19/97, som omtaler endringane i kontoplanen for postar og underpostar.

Som det går fram av avsnittet over, blir altså framgangsmåten for fagdepartementa den same som for innsending av rammefordelingsforslaget for 2002-budsjettet og den same som for innsending av konsekvensjusteringa for 2003.

Alle data skal vere på standard DOS-formatert 3 ½ " diskett. Filnamnet skal vere RFF03fag.txt ("RFF" tyder rammefordelingsforslag, og "fag" skal ein byte ut med forkortinga for det aktuelle departement). Fila skal vere lagra som rein tekstfil (txt) og må vere tabulatorseparert.

Spørsmål om innlevering av data på diskett kan rettast til Ann Kariin Holand tlf. 22 24 43 07.

### **2.2.3 Om realistisk budsjettering**

Under arbeidet med utrekning av beløp under kapittel og post må ein følgje dei krava som blir stilte til budsjettering i staten, og som det er mint om i Hovudbudsjettskrivet pkt. 7. Der er m.a. nemnt prinsippet om realistisk budsjettering, bruttoprinsippet og særlege reglar for statens forretningsdrift.

Finansdepartementet vil særleg minne om det som står under pkt. 7.1 i Hovudbudsjettskrivet om at også løyvingar med stikkordet "kan overførast" må budsjetterast realistisk, dvs ikkje med større summar enn det ein trur blir utbetalt i terminen. Riksrevisjonen har overfor fleire departement kritisert store overføringar av ubrukte løyvingar. Vi ber alle departement vurdere storleiken på løyvingar med stikkordet "kan overførast" på bakgrunn av det som faktisk vart overført frå 2001 til 2002. (Sjå pkt. 4.2 under om oversynstabell for slike løyvingar.)

Dei departementa som har store overføringar frå 2001 til 2002, må leggje vekt på at løyvingforslaget for 2003 bør vise betre samsvar med pårekna løyvingbehov.

### **2.3 Fullmakt til å tinge utstyr og til å gi tilsegn om statstilskott og om statsgaranti**

Forslag om fullmakt til å tinge utstyr og til å gi tilsegn om statstilskott og om statsgaranti og alle andre forslag som krev romartalsvedtak, må departementa ta opp med Finansdepartementet innan 26. juli. I tråd med opplegget for dei siste åra skal ein ta med forslag om slike vedtak både i Gul bok og fagproposisjonane. Dersom ein ikkje ber om høve til å ta opp nye forpliktingar i 2003, skal ein ikkje be om stortingsvedtak berre for å markere kva som alt ligg føre av forpliktingar. Vi viser her til særskilt rundskriv R-5/95.

Det materialet som er kome inn om garantiordningar i justeringsmaterialet, vil bli gjennomgått med kvart einskilt departement.

## **2.4 Statsbankane og SIVA**

Regjeringa vedtok på den første budsjettkonferansen for 2003-budsjettet foreløpige lånerammer for kvar einskild statsbank. Vi viser til rammebrev som ble sendt ut i slutten av mars for nærare informasjon om dei ulike vedtaka. Finansdepartementet ber om at fagdepartementa i samsvar med desse vedtak kjem med innspel om lånetransaksjonane til statsbankane saman med rammefordelingsforslaget innan 26. juli. Innspelet skal innehalde oppdaterte overslag på dei aktuelle budsjettkapitla for lån, avdrag, renter, tap og låne- og garantiprovisjonar i 2003. I tillegg ber vi om å få oppgitt pårekna tap på utlån der dette ikkje samsvarar med forslag til løyving til tapsfond.

### *Spesielt for Lånekassen for utdanning og Husbanken*

Som grunnlag for makroøkonomiske utrekningar i departementet ber vi i tillegg om å få oppgitt følgjande for Husbanken og Lånekassen for åra 2003-2007:

- gjennomsnittleg uteståande lån kvart einskilt år (renteberande og ikkje renteberande)
- pårekna renteinntekter for banken det enkelte år
- føresetnad for fordeling mellom fast og flytande rente

### *Spesielt for SND*

For SND ber vi om å få oppgitt fordeling mellom korte og lange innlån under dei ulike ordningane i 2003.

Finansdepartementet vil i brev til fagdepartementa i uke 27 kome med retningslinjer for kva renteføresetnader som skal liggje til grunn for overslaga.

### 3 GUL BOK 2003

#### 3.1. Utforming av departementsomtalen i Gul bok

Departementsomtalen i Gul bok 2003 skal være utforma på same vis som omtalene i Gul bok 2002. Kvart departement skal utarbeide omtale for sine område og sende dette til Finansdepartementet innan 3. september.

Departementsomtalen skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversyn over løyvingforslaget, og ei tekstleg omtale av prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

##### *Oversynstabell*

Tabellen skal gi eit oversyn over budsjettforslaget på programkategori-nivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande termin (Saldert budsjett 2002), løyvingforslag for komande termin (St.prp. nr. 1 for 2003) og prosentvis endring frå inneverande til komande termin. Beløpet skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på departementet sine område skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort større tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løyvingstala under eit departement, bør ein gi ein kort omtale av desse etter tabellen.

##### *Lengda på departementsomtalan*

Departementsomtalan skal få like stor plass som i Gul bok 2002. Vi legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart einskilt departement:

Departement	Sider i Gul bok
SHD	3 sider
KRD	1 1/2 side
SD, UFD, FIN, FD, BFD	3/4 side
Dei andre departementa	1/2 side

##### *Tekniske krav til utforminga av departementsomtalan*

Innføring av nytt grafisk designprogram for departementa blei fastsett ved kongeleg resolusjon av 9. oktober 1996. Programmet innebar mellom anna innføring av ny layout for Regjeringa sine dokument til Stortinget. Det er i regi av Statens forvaltningsteneste utarbeid nye dokumentmalar og nytt forfattarverktøy for å sikre at designprogrammet

blir gjennomført. Dei dokumentmalane som er laga til designprogrammet, er godkjende av Statsministerens kontor og Kultur- og kirke departementet og skal alltid følgjast.

Designprogrammet er også gjennomført for Gul bok. Finansdepartementet har difor i samarbeid med Statens forvaltningsteneste fått utarbeidd forfattarverktøy for Gul bok, både den delen som blir skriven i Finansdepartementet, og den delen som blir skriven i fagdepartementa. Malar og stilar som blir brukte ved utforming av tekst til Gul bok skil seg berre i mindre grad frå dei generelle malane og stilane departementa er kjende med allereie. Finansdepartementet understreker likevel at det er svært viktig at dei stilane og malane som gjeld for Gul bok, blir brukte slik at dokumentet får riktig design og kan publiserast både som trykt dokument og i elektronisk form på CD-rom og på Internett. Statens forvaltningsteneste distribuerer stilane og malane og naudsynt forfattarverktøy med brukardokumentasjon til hjelp ved utarbeidinga av bidraga frå departementa til Gul bok. Distribusjonen skjer som vedlegg til E-post til IT-ansvarleg for kvart enkelt departement. Statens forvaltningsteneste vil gi nødvendig brukarstøtte dersom departementa har behov for det. Kontaktpersonar vil vere Solveig Pettersen, tlf. 22 24 98 09, for forfattaropplæring og innføring i stilar og malar, Vidar Martinsen tlf. 22 24 98 19, anna teknisk rettleiing.

Utkasta må leverast både på papirutskrift og på DOS-formatert 3 ½ " diskettar som er kontrollert for virus med ein oppdatert virusskanner. Teksten på diskettane skal i tråd med forfattarverktøyet vere i Microsoft Word 6.0/7.0 eller Word97. Tabellane må ein settje opp slik dette er omtala i brukardokumentasjonen. Eventuelle bilete/figurar skal lagres både i formate EPS - Encapsulated PostScript og TIFF - Tagged Image File-Format.

### **3.2 Forslag til vedtak**

Finansdepartementet vil sende utskrift av dataregistret for 2003 til alle departementa etter regjeringkonferansen 28. august. Denne utskrifta må kvart fagdepartement kontrollere innan den fristen som blir sett. Det er fagdepartementet som har ansvar for å sjå etter at utskrifta stemmer med den fordelinga som er godkjend på kapittel og post, og at systematikken, nemningar og stikkord er rette, slik at utskrifta kan nyttast som manuskript til "Forslag til vedtak" i Gul bok.

Systematikken er som i fjor:

- Kapitla skal grupperast på vanleg måte.
- Kapittel, post og stikkord skal ha nemning på bokmål.
- Alle beløp skal førast opp fullt ut (i heile kroner).
- Beløpa skal førast opp i tre talkolonnar, med summering for programkategori og programområde. På inntektssida summerer ein berre "Departementenes inntekter" (kap. 3011 - 4799).
- Postar/kapittel utan forslag om løyving for 2003 blir ikkje førte opp.



Utgifts- og inntektskapittel som heng saman skal som tidlegare ha tilvising til kvarandre i parentes “(jf. kap.....)”.

Stikkorda “ **overslagsbevilgning**”, “ **kan overføres**” og “**kan nyttes under**” må takast med etter nemninga på posten, både i Gul bok og i forslag til vedtak i fagproposisjonen. Stikkorda kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må i god tid ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

Dersom datautskrifta kan nyttast som manuskript utan endringar, ber vi om at ho blir returnert med påteikning om dette. Eventuelle rettingar må ein føre på utskrifta samtidig med melding som nemnd under pkt. 3.3. Ein må ikkje føre på endringar som ikkje er godkjende på førehand av Finansdepartementet.

Forslag til romartalsvedtak skal takast med også i 2003. Vi ber departementa nøye følge reglane for utforming av forslag om garantifullmakter, tilsegnfullmakter og bestillingsfullmakter slik det er gjort greie for i rundskriv R-5/95, gjengitt i Veiledning i statlig budsjettarbeid.

Forslag til romartalsvedtak skal leverast i Word97 format, etter dei same tekniske spesifikasjonar som for departementsomtalen i Gul bok, sjå pkt 3.3.

### **3.3 Eventuelle endringar i høve til rammefordelingsforslaget**

Alle kapittel- og postbeløp for 2003, slik dei er førte opp i forslaget til rammefordeling, blir lagde inn i databasen i Finansdepartementet. Dersom Regjeringa eller Finansdepartementet godkjenner endringar i beløp på enkelte postar etter 26. juli 2002, skal fagdepartementet snarast råd stadfeste desse endringane på særskilt ark med dette mønsteret:

Kap.	Post	Under- post	Nemning	Endring	Statusbeløp
------	------	----------------	---------	---------	-------------

Alle endringar i nemninga på kapittel og postar må sendast inn på særskilt ark med dette mønsteret:

Kap.	Post	Nemning (berre den nye nemninga)	Programkode
------	------	-------------------------------------	-------------

## **4 FAGPROPOSISJONANE 2003**

### **4.1 Fristar for arbeidet med fagproposisjonane**

#### **4.1.1 Førsteutkast til fagproposisjon**

Vi ber om å få utkast til fagproposisjon innan 2. september. Det er ikkje naudsynt at teksten er komplett, men ein bør gjera merksam på kva for avsnitt som manglar. Viktige tillegg eller endringar i teksta kan sendast inn når dei er utarbeidd.

#### **4.1.2 Trykking**

Budsjettproposisjonen skal ha nemninga "St.prp. nr. 1 (2002-2003) for budsjetterminen 2003".

Departementa må levere endeleg manuskript til fagproposisjonane sine til Statens forvaltningsteneste, Informasjonsforvaltning, teknisk redaksjon for regjeringsdokumenta og NOU, innan 12. september.

Spørsmål om innlevering av manuskript kan rettast til Ola Thoen tlf. 22 24 98 05 eller Astrid Quille tlf. 22 24 98 02.

#### **4.1.3 Framlegg i statsråd**

Fagproposisjonane må leggjast fram i statsråd 13. september.

### **4.2 Utforming av teksten i fagproposisjonane**

#### **4.2.1 Hovudstruktur for fagproposisjonane**

Framstillinga i fagproposisjonane skal ha tre nivå:

- *Innleiinga til proposisjonane:* Innleiinga skal gje eit samla oversyn over budsjettforslaget. Den bør utformast slik at den kan tene som grunnlag for den generelle delen av innstillinga frå vedkomande stortingskomite. Hovudoppgåvene til departementet, hovudutfordringar, hovudmål, hovudsatsingar, tilstandsvurdering og resultatrapportar må kort omtalast. Innleiinga skal også ha omtaler av fornyingsarbeidet og miljøprofilen innan sektoren.
- *Kategoriomtalen:* Det skal gjevast ei felles omtale av budsjettkapitla som høyrer under same programkategori. Omtalen skal også her knytte seg til oppgåver, utfordringar, mål, satsingar, tilstandsvurdering og resultatrapportar, men meir detaljert enn i innleiinga. Her kan det også være naturleg å skrive om dei verksemdene eller ordningane som kategorien omfattar.

- *Kapittelomtalen:* Under det ein skilde kapitlet bør ein først og framst forklare innhaldet av dei ulike løyvingforslaga.

Det må leggjast vekt på å få til ei føremålstenleg fordeling av stoffet mellom innleiinga og kategori- og kapittelomtalene slik at ein unngår gjentak.

#### **4.2.2 Generelle retningsliner for utforming teksten**

##### *Proposisjonane skal berre innehalde godkjende planar*

Ved utforminga av fagproposisjonane må ein ta omsyn til at *det er Regjeringa som legg fram budsjettforslaga*. Kommentaranane i fagproposisjonane skal derfor berre grunngje dei forslaga som blir tatt med i det endelege budsjettforslaget. Det skal ikkje omtalast planar som kan ha budsjettkonsekvensar eller andre økonomiske og administrative konsekvensar, utan at planen heilt ut er godkjend av Regjeringa. Dersom eit departement er i tvil om eit forslag går ut over tidlegare vedtak, må dette takast opp med Finansdepartementet som eiga sak. Det kan ikkje reknast som førespurnad om godkjenning dersom det utan merknad blir tatt inn slik omtale i førsteutkastet til proposisjon.

##### *Resultatkrav og rapportering*

Løyvingsreglementet § 2, tredje ledd, krev at budsjettforslaget skal omtale dei resultatane som ein tek sikte på å oppnå. Vidare uttaler løyvingsreglementet § 13, fjerde ledd, at budsjettproposisjonane skal innehalde opplysningar om oppnådde resultat siste rekneskapsår. Føresegnene i løyvingsreglementet er utfylt i økonomireglementet og dei funksjonelle krava.

Krava til resultatomtale og resultatrapportering gjeld både statens eiga verksemd og tilskotsordningar. For tilskotsordningar viser vi serleg til Del III i dei funksjonelle krava. Resultatomtalen og resultatrapporteringa i fagproposisjonane skal vere på overordna nivå. Detaljnivået høyrer heime i fagdepartementas styring av verksemdene sine, og bør ikkje omtalast i proposisjonane.

Dersom det er vesentlege avvik mellom dei fastsette resultatkrava og dei faktiske resultatane, må ein forklare dette.

##### *Orientering om heilårsverknad*

For nye tiltak som ikkje blir sett i verk frå 1. januar 2003, er det viktig at Stortinget får informasjon om kva heilårsverknaden på statsbudsjettet blir frå 2004 eller seinare. Dette gjeld både nye tiltak som krev auka løyving og innstrammingstiltak.

### **4.2.3 Omtale av fornying, organisasjons- og strukturendring i statsforvaltninga**

Alle departementa skal omtale arbeidet sitt med å fornye offentleg sektor. I samanheng med dette skal ein omtale planar og status for organisasjons- og strukturendringar innanfor dei einskilde verksemdene, og dei økonomiske og personalmessige konsekvensane.

Innleiinga i fagproposisjonen skal gje eit samla oversyn over fornyingsarbeidet innanfor departementets område. Fornyingsarbeidet for dei einskilde verksemdene skal omtalast der det fell mest naturleg i proposisjonen, t.d. i kategoriomtalen eller i kapittelomtalen. Omtalene bør innehalde:

- Kva endringane går ut på, t.d. om det gjeld endring i tilknytningsform, endring i finansieringsform eller endra regelverk eller endring av formaliserte fullmakter.
- Økonomiske og personalmessige konsekvensar av omstillinga, t.d. nedbemanning og bruk av personalmessige tiltak

### **4.2.4 Omtale av miljøprofilen i budsjettet**

I Hovudbudsjettsskrivet for 2003, punkt 5.3, er departementa bedne om å sende ein omtale av miljøprofilen i budsjettet til Miljøverndepartementet innan 9. august. Denne omtalen skal også nyttast som grunnlag for omtale i proposisjonane. Vi legg til grunn at departementa gjev eit generelt oversyn over miljøprofilen i innleiinga i proposisjonen, og deretter omtaler dei ulike tiltaka i kategoriomtalen eller kapittelomtalen.

#### **4.2.4 Omtale av serlege tema**

##### *Oversyn over bemanninga*

I Gul bok vil det bli lagt fram eit samla oversyn over den faktiske bemanninga. Dersom departementa ynskjer det, kan det i fagproposisjonane leggjast fram opplysningar om årsverka i dei einskilde verksemdene.

##### *Omtale av tilsetjingsvilkåra til leiarar i heileigde statlege foretak*

Fagproposisjonane skal ha eit vedlegg med desse opplysningane om tilsetjingsvilkår til leiarane i dei heileigde statlege foretaka:

- samla utgifter til løn, pensjonsskyldnader og annen godtgjersle til dagleg leiar.
- arten og omfanget av skyldnader til daglege leiarar ved opphøyr eller endring av tilsetjingsvilkår. Tilsvarande gjeld avtaler om bonus, utdeling av overskot, opsjonar og liknande til fordel for dagleg leiar.

## *Statens forretningsdrift – opplysningar om kapitalbalanse og renter i byggjetida*

*Opplysningar om kapitalbalanse:* Budsjettproposisjonane skal innehalde opplysningar om kapitalbalanse for alle forvaltningsbedriftene, jf. St. prp. nr. 65 (1990-91), pkt. 2.1, og Innst. S. nr. 176 (1990-91). Oppstillinga i budsjettproposisjonane bør om mogeleg også vise balansen ved utgangen av de to føregåande år. Vidare ber vi om at balanseoppstillingane i budsjettproposisjonen blir supplert med økonomiske nøkkeltal og ein finansieringsanalyse. Aktuelle nøkkeltal kan t.d. vere overskotssgrad, totalrentabilitet, eigenkapitalrentabilitet og omlaupsfarten til totalkapitalen.

*Renter i byggjetida:* I omtalen av statlege bygg og anlegg, skal ein ta med renter i byggjetida, sjølv om slike renter ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av løyvingsbehovet jf. St. prp. nr. 65 (1990-91), pkt. 2.2, og Innst. S. nr. 176 (1990-91). Renta skal setjast lik renta for forvaltningsbedriftens investeringar

## *Opplysningar om samla finansiering av private og halvoffentlege verksemder*

På budsjettet blir det ført opp ei rekkje øymerka løyvingar til private og halvoffentlege verksemder. Dei same verksemdene kan også få statsstøtte frå andre statlege løyvingar eller statlege fond. Riksrevisjonen og Finansdepartementet meiner at Stortinget må få opplysningar om den samla offentlege finansieringa av drifta av norske private og halvoffentlege verksemder/organisasjonar.

Når det øymerka tilskotet er på minst 2 mill. kroner, skal fagproposisjonen ha opplysningar om:

- siste års rekneskap for vedkomande verksemd
- korleis den ordinære drifta blir finansiert med egne inntekter, tilskot over statsbudsjettet (kapittel og post) og frå andre, til dømes frå statsfond. Det er ikkje naudsynt å ta med tidsavgrensa støtte til prosjekt o.l.

## **4.3 Fagproposisjonene – tekniske direktiv**

### **4.3.1 Forslag til vedtak**

Forslag til vedtak om løyvingar i fagproposisjonane må vere likelydande med det manuskriptet som er godkjent til forslag til vedtak i Gul bok, sjå pkt. 3.2. Det gjeld både kronetal, stikkord og nemning på kapittel og post, med det unntaket at i ein fagproposisjon som er skriven på nynorsk, må også nemningar og stikkord vere på nynorsk.

Forslag til vedtak skal innleiest med "I Løyvingar". Løyvingane skal fordelast på utgifter og inntekter grupperte kvar for seg. Sjå retningslinjer Om statsråd, side 91, frå Statsministerens kontor.

Som romartal II og følgjande kjem forslag som Finansdepartementet har samtykt i om fullmakt til å bestille utstyr, til å gi tilsegn om statstilskott, om statsgaranti og eventuelle andre romartalsvedtak. Desse må formulerast i samsvar med det som blir ført opp i Gul bok.

#### **4.3.2 Tabellar i innleiinga**

Som tidlegare skal det i innleiinga vere minst tre standardtabellar:

- 1 Utgifter spesifiserte på programkategori og utgiftskapittel, med tal for 2001, 2002 og 2003, og utrekning av prosentvis endring frå 2002 til 2003.
- 2 Tilsvarande tabell for inntekter.
- 3 Tabell med oppgave over alle postar utanom postgruppe 30 - 49 der ein foreslår bruk av stikkordet "kan overførast". I tabellen må ein føre opp forslaget til løyving og kor store beløp som er overførte per 1.1.2001 for kvar av dei aktuelle postane. Dessutan må ein gi ei kort grunngiving for kvifor ein vil nytte stikkordet.

#### **4.3.3 Kapittelrekkjefølgje**

I teksten skal ein omtale kapittel i nummerrekkjefølgje på utgiftskapittel innanfor kvar programkategori. Også statens forretningsdrift og statsbankane skal omtalast under den programkategorien der dei høyrer heime. Inntektskapittel som heng saman med eit utgiftskapittel, skal omtalast rett etter dette utgiftskapitlet.

#### **4.3.4 Rekneskapstal for 2001 og løyving for 2002**

I postoppstillinga under kvart kapittel skal det førast opp tre kolonner, med rekneskapstal for 2001 og løyving for 2002 ved sida av forslaget for 2003. Som løyving for 2002 skal ein nytte tala i saldert budsjett. Dersom det er vedteke store endringar i høve til saldert budsjett, må ein nemne det i kommentarane.

Oppføring av tal for rekneskap 2001 og løyving 2002 gjeld òg inntektskapittel. Sjølv om ein budsjetterer med 0 (null) i inntekt for 2002 (kombinert med meirinntektsfullmakt) er det viktig å ta med alle inntektspostar i posttabellen, slik at ein får fram rekneskapstal. Dersom det er oppretta inntektskapittel først i løpet av 2002, slik at det verken ligg føre rekneskapstal eller løyving for 2002 i saldert budsjett, bør inntektskapitlet likevel nemnast kort i kommentarane.

#### **4.3.5 Tabellar for underpostar**

Som tidlegare skal ein ikkje ta inn underpostoppstilling under driftspostane. Den standardiserte kontoplanen som Finansdepartementet har utarbeidd, med underpostar og underunderpostar skal nyttast i løyvingsrekneskapen.

For andre postar må departementet i kvart tilfelle vurdere om det skal gi spesifikasjon på underpostar for å få fram den informasjon som er naudsynt for at prioriteringar i Stortinget skal kome til uttrykk, sjå Innst. S. nr. 176 (1990-91), side 6.

Når det blir sett opp tabell med spesifikasjon på underpostar, skal også rekneskapstal for 2000 spesifiserast på underpostar.

### **5 BUDSJETTFORSLAG SOM HAR VERKNAD FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR**

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar får nok tid til å gjennomføre tiltak som følgjer av forslag i budsjettproposisjonen. Vi ber kvart departement om å melde slike budsjettforslag til kommunar/fylkeskommunar så snart budsjettproposisjonen er lagd fram for Stortinget.

Når det er naudsynt for utarbeiding av fylkesbudsjetta, kan ein gi opplysningar til fylkesmenn og fylkeskommunale styresmakter før St.prp. nr. 1 er levert til Stortinget. Ein må i slike høve ta atterhald om at opplysningane er fortrulege.

### **6 OVERSLAG OVER BEHOV FOR TILLEGGSLØYVINGAR 2. HALVÅR FOR 2002-BUDSJETTET**

Regjeringa vedtok 4. februar at for å få eit best mogeleg oversyn over budsjettsituasjonen 2. halvår i samband med budsjettframlegget for 2003 bør det vere ei ekstra innrapportering til Finansdepartementet om strengt naudsynte utgiftsauker 2. halvår 2002. Vi ber difor kvart departement om å utarbeide overslag for sine område.

Først seinare i terminen kan det takast endeleg stilling til kva for forslag som skal leggjast fram for Stortinget. Innrapporteringa ajourførast medio oktober med sikte på felles regjeringsbehandling i begynnelsen av november. Vi er difor klar over at overslaga må bli nokså grove, og at dei seinare kan bli korrigerete.

Vi ber òg om at dei samla overslaga frå departementa over auke og reduksjonar blir fordelte på postgrupper på følgjande måte:

Post 01, undergruppe 01 Lønn og godtgjersle  
“ 01, undergruppe 02 Varer og tjenester

	til og med post 24	Andre driftsutgifter
“	30-49	Bygg og anlegg o a
“	60-69	Overføringar til kommunar
“	50-59 og	
“	70-89	Andre overføringar
“	90-99	Lånetransaksjonar

Overslaga må sendast til Finansdepartementet innan 16. august.

Med helsing

Pål Ulla  
Avdelingsdirektør e.f

Trond Tørstad  
Rådgjevar